

# FORARBEID

## FORTELJINGA OM EIT GLØYMD TÅRN

Diplomoppgåve våren 2014  
Gunnhild Tverdal



Forteljinga om eit gløymd tårn  
*The story of a tower left behind*

Forarbeid til diplom, desember 2013.  
NTNU


Redigert april 2014\*


Student: Gunnhild Tverdal  
Veileddarar: Steffen Wellinger og  
TYIN Tegnestue

\*Endringar:

Nytt format frå A4 til 210x210mm for å passe format på endeleg plansje. Nokre nye bilete, nokre færre bilete, nye komposisjonar, ny fram-side. Elles same innhald.

Meir info om bakgrunn for prosjektet (s.16-21)  
Meir utfyllande info om tomta (s. 32-35)  
Dette for å kunne vere fullverdig del av endeleg presentasjon.






AKTUALITET.....	9
INTRODUKSJON.....	11
PROBLEMSTILLING.....	13
INTENSJON.....	15
FORTELJINGA OM TÅRNET.....	17
SITUASJON.....	23
- Samarbeid	
- Premiss	
- Stord	
- Stordfjellet	
- Stovegolvet	
- Trafokiosken	
INSPIRASJON.....	39
- Bygging	
- Kvalitet	
- Enkelt	
- Oljetanken	
- FRIrom	
- Det vakraste huset	
i verden	
PROSESS.....	53
-realisme	
ARKITEKTUR.....	61
- Konsept	
- Hovedgrep	
- Området	
- Material	
METODE.....	71
KJELDER og TAKK TIL.....	82

# I N N H A L D

Trafokiosken



Aleine på ein fjelltopp på Stord står to bygg.

Dei stammar frå det same anlegget,  
bygga for over femti år sidan.  
Dei vart oveflødige og stod tomme lenge.  
Hytta har fått merksemد og besøk,  
men betongtårnet slutta å vere trafokiosk  
og mista sin verdi.

Rot, rust, fukt og mørke pregar betongtårnet, s  
om ein gong var så viktig.  
Vèret har herja år etter år.

Her må noko gjerast,  
-riving eller redning.

Klatrehytta





I dagens samfunn har mange bygg vorte for små, for dårlege eller for lite effektive. Dette kan vere bygg som tidlegare har hatt ei viktig rolle i den industrielle utviklinga. No er ei ikkje gode nok lenger. Bygg kostar pengar og skal generere pengar.

Samfunnet treng no, meir enn nokon gong, robuste, pålitelege bygg som ikkje forsvinn når markedet endrar seg. Oppgåva mi skal argumentere for at mennesket treng bygg som berre skal glede. Bygg som skal gje noko til fellesskapet,

som skal verke aktiviserande, samlande og inspirerande.

Det fins mange bygg, serleg industribygg, som er blitt overflødige, for lite effektive og lønnsame i dagens samfunn. Eg vil argumentere for at mange av desse bygga har potensiale som ein viktig del av samfunnet. Dei kan vise til ei anna tid, ei tid når menneske hadde andre verdiar. Dei symboliserer framskritt og tempo, men har sjølv vorte stille og gløymde.

Transformasjon av bygg er

aktuelt som aldri før, og ikkje utan grunn. Gjenbruk og utnytting av ressursar er høgst nødvendig i notida og framtida, og er noko alle arkitektar må ta stilling til før eller seinare. Gamle, gløymde, tilsynelatande verdilause bygg kan ha kvalitetar som ikkje kan konstruerast av menneske. Kvalitetar som berre kan oppstå over tid, ved å ha vorte utsett for naturkrefter og overlevd endringar i omgivelsar og politiske vedtak. Gjennom å verte bygga, brukt, forlatt og gjenoppdaga.

# AKTUALITET



## KVA


I diplomarbeidet mitt skal eg jobbe med ein gammal trafokiosk på fjellet på Stord. Trafokiosken har stått tom i snart 50 år, og har vorte gløymd av dei fleste. Eg vil bygge den om til ei pausehytte for turgåarar, og vegnen fram mot bygging vert ein viktig del av oppgåva. I dag framstår trafokiosken slitt og forlatt, men med ei unik plassering og ei flott utsikt.

## KVAR

Bygget ligg på Stovegolvet, ein fjelltopp på 703 m.o.h. som er relativt lett til-gjengeleg og eit populært turmål. Toppen er den tredje høgaste på øya og har ei utsikt som strekk seg frå heilt nord mot bergensfjella, austover mot fjell og fjordar i Kvinnherad, sør mot Haugalandet og vestover mot Bømlo, nordsjøen og Fitjarøyane.

## KVIFOR

Diplomen presenterer eit alternativ til å rive bygget, noko kraftlaget har fått pålagt å gjere for mange år sidan. I staden vil eg prosjektere og bygge den om til ein stad som kan gje noko tilbake til samfunnet. Ein stad som kan freiste fleire til å gå i fjellet og vere ei trygg havn dei dagane det ikkje er strålande sol og vindstille. Bygget skal tilhøyre alle, vere ope og inviterande.



Er nyare industrihistorie  
verdt å ta vare på? Kan  
gløymde, gamle bygg verte  
viktige for mange?

Korleis kan me framheve  
kvalitetar i slike bygg og  
gje dei ny verdi?

Korleis kan eg gå fram for  
å realisere eit prosjekt  
frå ide til ferdig bygg med  
hensyn til budsjett, kun-  
dar, bærekraft og arkitek-  
tonisk kvalitet?

# PROBLEMSTILLING



Eg vil at trafokiosken skal verte ein møteplass for turgåarar. Dette kan vere folk frå ulike samfunnslag, med ulik utdanning, bakgrunn og historie. Gamle og unge, norske og utanlandske.

Bygget skal vere ope, enkelt og inviterande for alle som vil bruke det.

Ved å invitere brukarane til å kome med meininger og innspel i planlegginga, og å invitere dei til å vere med på bygginga sjølv, håpar eg at dei vil kjenne meir eigarskap til det ferdige bygget. Håpet er at bygget skal oppfattast som ein naturleg del av fjellet og eit populært turmål. Her er det rom for tilfeldige

møter, samtalar og einsame tankar.

Bygget skal tilby ein stad å vere aleine. I ei stadig travlare tid kan det vere godt å trekke seg tilbake til eit enkelt bygg langt unna maset i kvardagen. I tårnet kan du slappe av utan å føle at ein må prestere, vere sosial og effektiv.

Fjellet er stort og einsamt og tilbyr eit årleg møte med ver og vind, lys og luft. Betongtårnet kan tilby eit kontrasterande rom til det store fjellet. Det skal bli eit beskyttande, inviterande, storsslått rom for dei få.

# INTENSIJON



# FORTELJINGA OM TÅRNET

-Historie og bakgrunn



## TÅRNET VERT BYGGA

Ein gong for lenge, lenge sidan trong Sunnhordland ein ny radiosendar. Stovegolvet ligg godt plassert, 700 meter over havet og med utsikt ikkje berre over heile Stordøya, men til Kvinnherad, Bømlo, Ølen og Etne. Her skulle eit nytt anlegg byggast og alle i regionen skulle vite at radioen verka på grunn av masten på Stovegolvet. I 1957 vart anlegget ferdig. I tillegg til radiomasta fanst det ei kontrollromshytte og ein taubane for å kunne frakte opp og ned utstyr. Og ein liten trafokiosk som leverte straum til det heile.

## KATTNAKKEN TEK OVER

I 10 lange år kom det signal frå anlegget på Stovegolvet. Etter kvart kom fjernsynet i fleire og fleire heimar i Sunnhordland, og anlegget fekk bryne seg på fjernsynssignal og. Denne utviklinga må ha vore for utfordrande for Stovegolvet, for når det trongs ei utviding måtte anlegget flyttast.

I 1967 var det Kattnakken som fekk æra av å huse eit splitter nytt toppmodetne fjernsynssignalanlegg med bilveg. Masta og taubanen forsvann frå Stovegolvet. Kontrollromshytta vart overtaken av Rødekorset og trafokiosken mista trafoen.

## TÅRNET VERT GLØYMD

Utan trafoen var trafokiosken brått kunn eit skal. Eit tomt betongtårn utan meining. Men det blei ikkje fjerna. I staden vart det gløymd i eit virrvarr av eigarskifte, og snart visste ingen kven som hadde ansvar for bygget. Var det ingen som brydde seg?



## HYTTA FÅR NYTT LIV

Hytta på Stovegolvet vart brukt i mange år som turmål for Rødekors. Men dette er ei av dei mest utsette tomtena på heile øya og hytta trøng mykje oppmerksamheit og vedlikehald. Når Rødekorset fekk ei hytte lenger nede i fjellet, ei som mykje lettare kunne nåast til fots eller på ski og som låg mykje meir besytta til, blei ikkje hytta på Stovegolvet brukt. Rødekorset spurte om nokon ville ha hytta, ta seg av den og bruke den. Nyoppstarta Stord Tinde- og klatrekubb svarte. Dette var i 1996 og i siste liten for hytta, som hadde fått taket blåst av og som var full av vatn og råte.

I mellomtida fekk ikkje tårnet mykje merksemd. Det stod der aleine og heldt naturkreftene på passeleg avstand. Det fekk nok sporadisk besøk av folk som var nysgjerrige på den dramatiske forma i landskapet. Det fekk nok vist fram høgda si, den rå betongen og dei sterke veggane, og mange lurte nok på kven som eigde tårnet. Det stod der sikkert og snakka med naturen og såg på den fine, uforanderlege utsikta.

## TÅRNET VERT TRUGA

Når nokon endeleg byrja å snakke om tårnet var det for å fjerne det. Det er ikkje lett å sjå verdi i noko som har mista funksjonen sin. For mange framstod kanskje tårnet som ubrukeleg, i vegen og kanskje til og med stygt? Sunnhordland Kratlag vert merksame på at dei eig tårnet, og kommunen vil at dei skal rive det.

Tårnet måtte berre stå der og vente medan det i 2006 vart samla inn anbud fra ulike entrepenørar om rivning, rydding og fjerning av 50 år med industrihistorie.



## TÅRNET FÅR BLI

Men enno skal det gå nokre år og enno ein gong skal tårnet gløymast. Rivinga viste seg å vere vanskeleg og dyr, og kraftlaget går ikkje vidare med planane. Kanskje var det meininga at tårnet skulle få leve?

## ELLER?

Våren 2013 går ein journalist på søndagstur til Stovegolvet. Midt i det vakre, mektige landskapet står ei hytte og eit betongtårn. Hytta er grei, den har fått nytt tak, ein vedomn, eit enkelt kjøkken og to soverom. Den er nok framleis ganske fuktig og kjempar ei evig kamp mot naturkreftene i fjellet, men den bit seg fast og fungerer for nokre få. Men litt bortanfor står eit gammalt betongbygg. Det er høgt og lite og passar ikkje inn. Det gjer ingen ting og er berre i vegen. Skulle det ikkje rivast?



## TURAR OG DRAUMAR

Heilt sidan Gunnhild var gammal nok til å gå har foreldra teke ho med på fjelltur. Mange av turane gjekk til nettopp Stovegolvet og både ho og faren Asbjørn var alltid innom tårnet. Det er noko med bygget som gjorde at dei la merke til det. Det bryt med fjellet, samstundes som det passar inn. Det har hatt ein dialog med naturen og vorte godtatt av den. Det har ikkje vore blåst i fillebitar, det har heller vore litt mosegrodd og inkludert. Born må alltid bort og sjå på, og ta på og gå inn. Kva er det? Kvifor står det her, midt på fjellet?

Rommet inne er høgt, mørkt og heilt uventa i situa-

sjonen. Dei rare opningane i veggane rammer inn uvanlege utsikter og lagar lysflekkar på betongvegane. Der sollyset kjem til har betongen ein heilt annan farge enn ellers. Den kalde betongen ser varm ut. Men besøka vert korte. Ein går vidare på turen og finn seg ein lun stad med lys og utsikt for å ete matpakka.

Gunnhild vert eldre og vil bli arkitekt. Asbjørn byrjar å jobbe i kraftlaget og vert klar over situasjonen med den gamle trafokiosken. På ein av turane kjem ideen om å gje tårnet ein ny funksjon og verdi. Dette temaet vert etter kvart diskutert på alle turane og ville draumar blandar seg

med praktiske løysingar på tenkte problem i samtalane. Kan det bli ein stad som ønsker turgårar velkommen, som tilbyr varme, utsikt og tryggleik?

Journalisten får høyre om ideane og presenterer dei vidare til befolkninga. Plutseleg er det vorte eit prosjekt. Korleis skal ein gå fram for å realisere ein slik ide? Korleis kan ein arkitektstudent og ein far overbevise nokon til å vere med på transformasjonen, betale for han og gå timarvis på fjelltur for å vere med på bygginga? Ville dei lokale ta det nye bygget til seg, bruke det og ønske det?



# SITUASJON

- Om samarbeid, premiss og tomt



Dei ulike aktørane i prosjektet vil vere viktige samarbeidspartar for meg gjennom heile diplomen. Eg vil i stor grad bruke ideane og kompetansen, ressursane og ildsjelene i dei ulike gruppene.

#### Sunnhordland Kraftlag (SKL)

- Asbjørn Tverdal, far og initiativtakar
- Svein Egil Heimvik, bygningsingeniør og ansatt i SKL.
- Dugnadsfolk med spesialkompetanse (bruk av verktøy, stilaoppsett, ingeniørar, elektrikarar, håndtverkarar)
  - Har allereie ein del utstyr og verktøy. Gunstig for økonomi og kunnskap. (vinkelslipar, stillas, aggregat)
  - Har tilgang på helikopter og brukar dette jamnleg. Kan kombinere med

anna bruk og få det billigare/mindre CO<sub>2</sub>-utslepp.

- Har historisk informasjon om trafokiosken og annleget. Veit kvifor bygget ser ut som det gjer.
- Har interesse av prosjektet, fordi det vil bli billigare enn å rive bygget, men mest for å gje noko tilbake til lokalsamfunnet.

#### Stord-Fitjar Turlag

- Leiari Astrid Larsen
- Representerer brukarane/dei lokale
- Kan bidra med dugnadskjeng med bygge erfaring.
- Har erfaring med å ferdast i fjellet. Kan mykje om kva som er godt å ha i eit slikt bygg og kva som kan vere vanskeleg med bygginga.
- Vil bruke prosjektet og det ferdige bygget for å engasjere fleire i turlaget og oppfordre fleire til å

gå i fjellet.

#### Stord kommune v/Sylve Rusten

- har interesse av anlegg som oppfordrar til aktivitet for innbyggjarar.
- syns prosjektet er ein god ide, fordi det vil gjerast billeg, finansiert av SKL, men likevel vere open for alle.
- viktig samarbeidspart når planar skal godkjennast og dispensasjonar skal gjevast.


#### Hordaland fylkeskommune

- må godkjenne planane i forhold til regulering og bygging i LNF-område

#### Arkitektstudentar v/NTNU

- Deltakarar og viktige bidragsyterar under bygginga. Har arkitektfaglege innspel og ulik bygge erfaring.



# SAMARBEID



SITTE



TØRKE KLEDE




MATLAGING OG  
VARME

**PREMISS FOR PROSJEKTET**  
Dei grunnleggande praktiske  
prinsippa for oppgåva er  
laga i samarbeid med kraft-  
laget, turlaget og rådgje-  
var for idrett og frilufts-  
liv i kommunen.

**BYGGET SKAL**

- ver ope for alle til ei  
kvar tid
- fungere som ei sikringsbu  
i dårleg ver
- gje ly og oppvarmingsmog-  
legheter
- tilby utsikt
- planleggast og byggast i  
samarbeid med lokale
- kunne byggast av ein  
dugnadsgjeng med meir og  
mindre erfarte folk
- ikke forstyrre naturen  
eller verke skjenerande  
på turgåarar.

**PREMISS**



Øya Stord er regionshovudstad i Sunnhordland, og ligg mellom Bergen og Stavanger på vestlandet. På øya ligg to kommunar, Stord og Fitjar med omtrent 18'000 og 3'000 innbyggjarar. Dei andre kommunane i regionen er Bømlo, Austevoll, Kvinnherad, Tysnes og Sveio.

Stord har lenge vore eit hjørnesteinssamfunn med det som no heiter Kværner som hovudarbeidsgivar. Øya har og plassert seg på verdskartet gjennom leverandørindustrien innen olje og gass, skipsbygging, mekanisk industri og oppdrett.

Stord har hatt bystatus sidan 1997 og er verdas største nynorskby. Dei fleste innbyggjarane bur

på sør og sør-austsida av øya og her finn ein bysentrumet Leirvik. Det har vore ei befolkningsvekst på Stord heilt sidan 1950, medan dei omkringliggende kommunane har mista eller vedlikeholdt innbyggartalaet dei siste tiåra.

Vestlandet mellom Stavanger og Bergen er under stadig utvikling og Stord og Sunnhordland kan verte ein satsningsstad i framtidia. E39 går over øya og trekantsambandet knytter øya til fastlandet i sør. Stadige utbyggingar av vegnett, ferjer, hurtigbåtar, busstilbod og bruver vil gjere vestlandet meir effektivt og tilgjengeleg og legge opp til vekst i regionen.

# STORD

Gutane omsider funnen – på Stovegolvet

Nyhende — 28 desember 2012



## Sunnhordland

Sunnhordland e-avis  
Brukarhjelp  
Bli  
Kjøp e-avis  
Kundesenter  
Frå 1

Framsida | Nyhende | Sport | Kultur | TV | Debatt | Helg | Historie | Torget | Ledig stilling | TIPS OSS



To kvinner sitt vêrfast på Stovegolvet. ARKIVFOTO

## Sit vêrfast på Stovegolvet

To kvinner blei overrumpla av vêret, og kjem seg ikkje ned frå fjellet.

11.01.2014 17:21 (oppdatert: 21:03)

Anders Totland

Tilbake Del 31  
8-1 0 Twitter 2

### Tilgang til alt

Frå 8,95 per dag

To kvinnelege turgåarar på 17 og 10 år ringde klokka 15.12 til politiet for å få om hjelpe, då dei blei overraska av stytg vêr, og ikkje kom seg ned igjen frå fjellet Stovegolvet på Stord.

– Dei var tynt kledd, og hadde funne tilhald i eit vedskjul. Det er mykje vind, snø og tåke, og dei kom seg ikkje vidare. Dei er ikkje skadd på noko måte, men har verken mat eller drikke, og frys veldig, fortel operasjonsleiar Terje Tonning ved Haugaland og Sunnhordland politidistrikt.

## Sunnhordland

Sunnhordland e-avis  
Brukarhjelp  
Bli al  
Kjøp e-avis  
Kundesenter  
Frå 188

Framsida | Nyhende | Sport | Kultur | TV | Debatt | Helg | Historie | Torget | Ledig stilling | TIPS OSS



Jon Magni Bratseth (t.v.), Sigurd Sandvold og Vidar Vodø har lang fartstid frå turar i Stordfjellet. Dei ber folk om å gjera seg kjend med løypene før dei dreg på tur. Her frå Fjellstova. (Foto: Per Egil Larsen)

## Ber turgåarar visa aktsemd

Stordfjellet ligg lett tilgjengelig. Netttopp difor kan det vera farleg for folk, meiner helten som fann dei sakna mennene sist helga.

05.01.2013 15:30

Vidar Hope

Facebook 1182 Email 1  
Google+ 0 Twitter 0

### Tilgang til alt

Frå 8,95 per dag

#### fakta

Redningsaksjonen  
• Sist fredag blei Jim Steinland (17) og Benjamin

– Eg har aldri vært borti liknande der oppe. Det var kraftig vind og mykje nedbør i form av sludd. Mo måtte røpa til kvarandre for å kommunisere, sjølv om me var side om side. Det var rell og slett full vinter, fortel Sigurd Sandvold.

#### Ofra seg sjølv

Han og Gurli Ankre sette på eige initiativ sine eigne liv og helse nå snell for å le seg unna på del 703 meter høye

Fjellet utgjer ein stor del av øya, og det fins tre toppar på over 700 meter, Mehemannsåto (735 moh.), Kattnakken (7015 moh.) og Stovegolvet (705 moh.). Fjellet er lett tilgjengeleg for publikum, med fleire vegar og parkeringsplassar ganske høgt i terrenget på fleire sider av øya.


Det er aldri langt frå fjell til fjord og du har alltid god utsikt over havet. Lavlandet på Stord ligg relativt skjerma frå det verste veret frå Nordsjøen, men på fjellet kan ein kjenne det fulle kreftene i nedbør og vind. Dei siste åra har det vore

fleire nestenulykker på fjellet der folk har gått seg vill, kledd seg for dårlig eller vorte overraska av tåke og dårlig ver på Stovegolvet. Fordi toppen er lett tilgjengeleg er det større fare for at uerfarne turgåarar vil legge ut mot Stovegolvet på ugunstige tidspunkt, og det kan oppstå farlege situasjonar.

Fjellet er høgt elskaa av mange og vert brukt året rundt. Turlaget hadde per 01.12.2011 835 medlem inkludert ei pensjonistgruppe som i det siste har harr fleire mindre byggeprosjekt i naturen. I oktober 2013 opna Midtfjellet

vindpark på fitjarsida av fjellet. Totalt 44 vindmøller er spreidd utover fitjarfjellet. Det har vore stor debatt om vindmøllene, om dei øydelegg naturen eller framhever kvalitetane i fjellheimen som symbol på bærekraft og møtet mellom menneske og natur.

# STORFJELLET



Stovegolvet er ein relativt lett tilgjengeleg fjelltopp og eit populært turmål. Det er to merka turløyper som fører opp til toppen, ei kort (45-60 minutt gange) og ei litt lengre og brattare rute (70-90 minutt). På toppen ligg og ei hytte som stammar frå det same anlegget frå 1957. Den vert i dag brukt sporadisk av Stord Tinde og Klatrekubben.

Stovegolvet er som sagt svært utsett for hardt ver. Hovudvindretningane på flyplassen på øya er frå nord-vest og sør-aust, men den ligg litt skjerma på vestsida av øya, mot Bømlo. På fjellet der trafoen står kjem det anten direkte vind frå aust eller sør aust eller frå vest eller nord vest. I det siste tilfellet ligg gjerne sjølve trafokiosken litt skjerma på ned-


sida av sjølve "stovegolvet" der klatrehytta ligg. Trafokiosken har sol heile dagen, utanom dei siste timane med kveldssol om sommaren. Då forsvinn sola ned bak klatrehytta og ned i horisonten i nord-vest. Trafokiosken har nydeleg utsikt i tre retningar. Mot vest er fjelltoppen og klatrehytta i vegen for utsikta.

Bygget står i kupert landskap som ber preg av å stå utsatt til for naturkrafter. Det er lite vegetasjon her, berre litt mose og grastustar som ligg der det kan samle seg vatn. Utanom desse småmyrene er resten fjell og stein. Det er ikkje reint drikkevatn på Stovegolvet, ikkje straum eller toalett. Like ved Klatrehytta er det ein bratt skråning som har


vorte brukt til klatring av klatrekubben.

Heile fjellet er regulert som LNF-område. Det betyr at det i utgangspunktet ikkje er lov til å bygge her. I tillegg går grensa for drikkevatn akkurat på toppen av Stovegolvet. Trafokiosken står på motsett side, der det ikkje er like strenge krav med tanke på forureining.


**Vind direction distribution in (%)**  
Year



# STOVEGOLVET



PLAN 1:200



SNITT 1:200

Trafokiosken sine utvendige mål er ca 3,5x3,5 meter i grunnflate og høgda er 7 meter. Den er bygga i plassstøypt, armert betong og vart bygga i 1957. Veggane er ca. 12-14 cm tjukke. Den har eit par små innvendige skiljeveggar i betong, nokre avstivande stålbjelkar og to døropeningar. I dag framstår trafokiosken slitt og forlatt, og det har samla seg opp ein del rot og rask der i løpet av tiåra som er gått.


Trafokiosken har ei unik plassering. Det å bygge i fjell og utmark er ikkje ei sjølvfølge av hensyn til natur og dyreliv, men dette bygget har allereie vore

ein del av fjellet i over femti år. Naturen har teke bygget til seg og gjort det til ein del av snaufjellet rundt. Det å kome frå det store, opne fjellet, inn i eit betongtårn med plass til ein eller få kan verke beroligande og trygt, men samstundes kontrastfylt og spenande.


Tårnet er i god stand med få synlege skader. Det er ingen strukturelle sprekker og lite rust. Det lekker ikkje gjennom veggane og innsida er relativt tørr.


# TRAFOKIOSKEN

# OPPMÅLING AV BYGGET 1 - 100



Snitt A







# INSPIRASJON

- Om bygging, kvalitet, god arkitektur og referansar



Det å velge ein diplom som forheld seg til så mange reelle faktirar kan vere risikabelt. Tverrfagleg samarbeid, økonomi, bærekraft, konstruksjon og detaljar vert plutsleleg ikkje berre ord og konsept i ei prosejteringsoppgåve, men reelle problem som må løysast.

#### Kva vil eg gjere?

Eg vil bygge. Eg vil utfordre meg sjølv. Eg vil gjere noko samfunnsnyttig, noko som ikkje berre vert ei akademisk oppgåve i arkiva til eit universitet. Eg vil gje noko tilbake til heimstaden min, noko som kan bety noko for mange. Eg vil utnytte friheita me har som

arkitektstudentar før det er for seint, før eg må bli vaksen. Gjennom å bevege meg ut frå teiknesalen, vekk frå universitetet og akademia og ut i samfunnet vil eg støte på problemstillingar eg ikkje klarar å sjå for meg no. Men eg skal gjere det medan eg enno er student, i relativt trygge omgivelsar og med god hjelp.

Arkitektar, og serleg arkitektstudentar kan lære mykje av å bygge arkitekturen sin sjølv. Då oppstår det mykje kunnskap ein ikkje kan lære i ein forelesningssal eller ved teiknebordet. Gjennom praktisk byggefaring har eg kome

borti nye utfordringar og begrensningar, både praktiske og økonomiske. Eg har til og med oppdaga at desse begrensningane kan vere med på å gjere arkitekturen betre, fordi ein vert tvunge til å tenke nytt, vere kreativ.

Når det du teiknar skal byggast, betalast for og eksistere som del av samfunnet og naturen i mange år, må du ta hensyn til alt det du kan oversjå i ei teorioppgåve. Det er dette som fasinerar meg med slike prosjekt og det er ein viktig grunn for mitt valg av diplom.

# BYGGING



Når ein beskriver bygg brukar ein ofte ord som kvalitet og verdi. Når ein skal evaluere gamle bygg er det viktig å skilje mellom desse begrepa. Når bygg vert flytta ut av og gløymd er det fordi dei ikkje lenger har tilstrekkeleg verdi. Eit bygg kan ha ulike typar verdi, alt frå økonomisk verdi til kunsthistorisk eller nostalgisk verdi. Felles for alle desse verdiane er at dei er definerte av menneske. Det er me som tillegger eitt bygg verdi ut frå våre forutsetningar og behov. Ord som brukbart, unyttig, tilstrekkeleg, stygt og vakkert beskriver verdiar.

Kvalitetane i eit bygg er ikkje avhengig av kva menneske syns, men er noko

bygget *har*. Det kan til dømes ha kvalitetar når det kjem til materialbruk, lysforhold, rom, proporsjonar eller plassering. Dette er eigenskapar som ikkje endrar seg med nye tider men som er dei same heilt til bygget fysisk vert endra på eller forfaller.

Det er kvalitetane til eit bygg som *burde* avgjere om det er verdt å ta vare på eller ikkje. Det er kvalitetane til det gamle betongtårnet eg vil fange opp, ta vare på og vise fram.

Trafokiosken på Stovegolvet har unike kvalitetar når det kjem til materialitet, romleghet, synleghet og plassering. Materiala som er brukt er robuste og

ærlige. Praktiske. Den rå betongen, det sterke stålet og møtet mellom bygg og natur som har utvikla seg over tid.

Bygget er laga for å tolke ekstreme mengdar regn, snø og vind, og over seksti år har dei fått eit eige uttrykk. Det et tydeleg at bygget har hatt ein dialog med naturkraftene, men ikkje gjeve etter. Det har kompromisslaust beskytta rommet det hadde i oppgåve å beskytte, men utsida har vorte slitt.

Bygget har ikkje lenger verdi som industribygg, som trafokiosk. Men eg vil gje det ny verdi for alle som går i fjellet.

# KVALITET



Arkitektur treng ikkje vere skrikande og prangande. Praktbygg fins i alle byar, og det er gjerne desse bygga som vert lagt merke til, både av media, publikum og arkitektar. Storslåtte bygg som innehold viktige program. Operaar, museum, rådhus og kyrkjer. Trafokiosken på Stovegolvet skal vere storslått, men ikkje for massene. Den skal ikkje tiltrekke seg merksemد frå det store utland, men vere ein viktig stad for nokre få.

Bygningars er rammene og kulissene for liva me lever, og dei fleste bygga som omgir oss er ikkje signalbygg. Mange bygg er lavmalte, stadstilpassa, godt fungerande bygg som ikkje vert lagt merke til på same måte. Me brukar dei

med ei blanding av takksemد og likegyldigheit. God arkitektur kan skilje seg ut ved å tilpasse seg, vere storslått ved å vere enkel.

Trafokiosken skal verte eit bygg som er enkelt og stilreint. Det skal brukast naturlege materiale og nøytrale fargar. Det skal framheve det store, opne fjellet ved sjølv å vere lite og intimt. Landskapet er kupert og himmelen er stor, tårnet er lite og strengt avgrensa. Ute kan ein vere ein del av det store rommet, inne kan ein kjenne rommet rundt sin eigen kropp. Store opplevelsesar kan finne stad i små bygg på vakre stader.

Enkle rom opnar for avslapping og frie tankar. Når ein beveger seg vekk frå kompleksitet, bevegelse og

stress og inn i eit enkelt, roleg og stilreint rom kan ein gå tilbake til ein meir primitiv tilstand. Me kan vere aleine med tankane våre og legge meir merke til vår eigen kropp.

Når me er aleine legg me og meir merke til det som er rundt oss. Sansane vert meir skjerpa, du hører susinga av vinden, regnet mot vindaugeet og gjenklangen av dine eigne bevegelsar i rommet. Du ser materiala, kjenner på takhøda og føler korleis rommet utfolder seg rundt deg eller slutter deg inne. Som arkitektar må me ta utfordringa det er å lage små, ærlege rom i menneskeleg skala, for desto høgare er kravet om vakre detaljar og spennande møter. Alle dei små grepa vert viktige og lagt merke til.

# ENKELT



## Oljetanken

Skrova i Lofoten

Finn Martin Otterbeck og  
Agnete Brun

Transformasjonen av oljetanken starta då filmskapar Martin Otterbeck og kunstnar Agnete Brun så smått såg etter ei hytte i Lofoten. I staden for å kjøpe eit gammalt hus bestemte dei seg for å bygge om ein gammal diesololjetank på øya Skrova.

Oljetanken og trafokiosken på Stovegolvet er begge utrangerte nyttebygg frå nyare tid som vart sett på som verdilause. Dei står begge på verutsatte stader og let besøkande kjenne på kreftene i naturen og kontrasten i eit lunt bygg med ei spesiell historie.



# INSPIRASJON




**Frirom / rom for emosjon**  
ved St. Olavs Hospital  
Masteroppgåve i arkitektur våren 2011  
Sunniva Vold Huus og  
Maren Storihle Ødegård  
Veiledar: Steffen  
Wellinger

FRIrom er eit liknande prosjekt som mitt sidan det og hadde ei reell problemstilling og reelle kunder/brukarar. Dei harre eit tett samarbeid med barneklinikken, trivselssjukepleiar Mads Bøhle og fagpersonar frå ulike fagmiljø.

Oppgåva gjekk ut på å prosjektere og ferdigstille eit frittståande rom for pårørande ved barneklinikken ved St. Olavs Hospital. Dei hadde stor fokus på brukarane og på lage eit rom som kunne fungere for mange. Dei ville jobbe med lys og material for å utforme ein stad som skulle gje ei kjensle av ro og tryggleik.

Bygget blei ferdigstilt sommaren 2013, nesten to år etter innlevering av masteroppgåva, dette viser at slike reelle prosjekt kan møte uforutsette hindringar og forsinkelsar. Eg kan ta høgde for at det same kan skje med mitt prosjekt, og ha ein god alternativ plan dersom noko skulle stoppe opp.



# **DET VAKRESTE HUSSET I VERDEN**

Diplomoppgave i arkitektur  
Einar Bye og Ola Sendstad  
NTNU, 2011



## Det vakreste huset i verden

Masteroppgåve i arkitektur våren 2011  
Einar Bye og Ola Sendstad  
Veiledarar: Gro Lauvland og Finn Hakonsen

Einar og Ola ser ein enorm rikdom i stader som har fått forandre seg over tid. Slike hus kan vere sterke symbol på tida som går og blabla. Dei meiner at noko av det viktigaste arkitektar kan er å sjå moglegheitene av og legge omtanke i dei tinga som andre vil overlate til tilfeldigheittane.

Dei har fine tankar om verdi og kvalitet om kva som gjer at nokon hus er verdt meir enn andre. Verdiar er noko som vert bestemt av menneske, så kvifor kan me ikkje bestemme at gamle hus har verdi?


*“Hva om vi bestemmer oss for at disse husene har i seg det vakreste huset i verden?*






## PROSESS


- Om kva som er gjort så langt, utfordringar og begrensningar



Snitt A-A




Snitt B-B



Plan

### Koblingskjema.

Nullpunktet på transformator vert kobla sammen og jordas best mulig. Vint også ført at x kabel 1 og 2 utan brybar og skjeringar. All jordling vert kobla direkte til dette system.



Arbeidet med dette prosjektet starta sommaren 2013. Bygget kom på dagsorden då ein journalist spurte kvi-for bygget stod tomt, kvi-for det ikkje vart rydda og revet. Endeleg kunne me igjen draume om å gjere bygget til ein ressurs på fjellet.

Eg vart ansatt av Sunnhordland Kraftlag som eig trafokiosken for å utføre ei moglegheitsstudie. Stordfjellet er kjent og kjært for meg, så eg trong ikkje mykje bakgrunnsinformasjon for å fastslå viktige aspekt når det kom til tomta. Eg trong derimot mykje informasjon om sjølve bygget, både dimensjonar,


stand og styrke. Eg brukte fleire dagar på å måle opp bygget som var bygga overraskande presist. Ein dag tok eg med meg to bygningsingeniørar på fjelltur for å sjå på bygget. Dei var serleg urolege for tettheita til bygget og eventuelle djupe sprekker i betongen. Det viste seg at bygninga var tett og dei fann berre overfladiske sprekker i betongen. Veggane er 10-13 cm tjukke og skal fint tolle relativt store vindauge.

I arkiva til kraftlaget fant me dei originale byggeteikningane til trafokiosken. Her kunne me sjå korleis trafoen hadde sett

ut og det var tydeleg kvi-for bygget har dei dimensjonane det har, kvifor det er stålbelkar, innerveggar og opningar på strategiske stader. Her kunne eg samanlikne teikningane med mine eigne mål og konstatere nokon små endringar. Her var og informasjon om armeringa, betongtype og fundament.

Eg byrja å sjå på kva endringar som kunne gjerast for å utnytte storleiken, utsikta og plasseringa av bygget. Eg laga enkle, nye plan, snitt- og fasadeteikningar som skulle vere grunnlaget for møter med samarbedspartnerar, bygesøknadar og budsjett.

# PROSESS



Etter eit par veker møtte eg leiaren i Stord-Fitjar Turlag, Astrid Larsen og nestleiar Svein Birkeland og Sylve Rusten, ansvarleg for natur og friluftsliv i Stord Kommune. Etter ein kort presentasjon av intensionane og planane som var i gong, viste det seg at både turlaget og kommunen var positive til prosjektet.

Etter kvart som eg laga eit foreløpig designforslag kunne eg starte å jobbe med løyve frå kommunen. Sidan bygget står i eit LNFR-område måtte me söke om dispensasjon frå forbodet om bygging i slike område. I tillegg sökte me om fasadeendring og bruksendring

for trafokiosken. Terassen som var teikna inn i designforslaget måtte søkast om som tilbygg. Me la vekt på at fasaden skulle endrast minst mogleg og ha same farge som den har i dag. Det var eit ønske frå fleire om at bygget ikkje skulle skilje seg ut unødig i det ellers reine naturområdet. Turlaget og kraftlaget sendte ein felles søknad.


Etter kvart kunne eg og samle inn tilbod frå ulike leverandørar og lage eit budsjett til kraftlaget. I dette budsjettet tok eg utgangspunkt i designforslaget, og kraftlaget fekk eit estimat, sjølv om

designet skulle endre seg ein del.

Ein liten månad seinare kom godkjenninga frå kommunen og fylkeskommunen. Grunneigarlaget på Stord eig tomta bygget står på, og dei var og positive til prosjektet. Leiaren i klatreklassen, Vidar Vedå, gav informasjon om vedlikehald og utfordringar dei har hatt med klatrehytta, og opna for at me kunne låne den til overnatting/pauserom under bygginga.

Mange er positive til prosjektet og mykje ligg til rette for at Stovegolvet kan bli meir attraktivt for mange turgårarar.

# PROSESS



#### KVA TOLAR BYGGET

- kva tolar betongveggane?
- må tenke på plassering av eventuelle opningar i forhold til kvarandre for å unngå skjerkrefter
- må sørge for ny avstiving av bygget dersom eksisterande inneveggjar skal fjernast

#### VER OG VIND

- alle delar av bygget må tole fukt og frost og store mengder regn, snø og vind.
- haldbare materiale, både inne og ute
- tøffe golv som skal tole våte, skitne fjellsko.
- eksteriør og eventuelle tilbygg utandørs må vere svært hardføre

#### BEGRENSNINGAR PÅ TOMTA

- det meste må kunne byg gast for hånd
- ingen tunge masjinar til gjengeleg
- legge opp til få helikopterflygingar
- kanskje noko kan prefabricerast
- det er begrensa mengder vatn og straum
- det kan vere vanskeleg å frakte ned skada personar, må ha stor fokus på HMS.

#### ØKONOMISKE LØYSINGAR

- kva kan gjerast av meg/ dugnadsfolk, -kva må gjerast av profesjonelle?
- finn ein god balanse mellom pris på materiale og haldbarheit/varigheit og behov for vedlikehald.

- det ferdige bygget må vere enkelt å drifta og kreve lite påfyll av ressursar

#### VIS HENSYN

- ikkje bruk materiale som kan skade naturen
- legg opp til lite bruk av helikopter/firehjulingar og andre maskinar
- ha fokus på å ikkje skade terrenget for mykje under bygging
- prøve å ikkje plage turgåarar med rot og bråk

# REALISME



## ARKITEKTUR

- Om kva eg vil få til og umiddelbare tankar om utforming



Eg vil ta vare på det røffe preget og den industrielle historia bygget har.

Eg vil ta vare på høgda i bygget og framheve dei romlege kvalitetane som fins.

Eg vil lage eit rom som kontrasterer til det store opne fjellet utanfor, og tilbyr noko nytt.


Eg vil leike med kontrastar i lys og mørke, opent og lukka.

Eg vil ta vare på kvalitetane i stålet og betongen, men og kontrastere med tre som eit lunare materiale.

Eg vil lage eit rom som er enkelt og vakkert, og som har spanande kontrastar mellom gammalt og nytt.

Eg vil lage eit lavmålt men storslått bygg for dei få og den einsame.

# KONSEPT



Tar vare på og forsterkar  
betongtårnet.  
Vil truleg lage opningar  
for lys og utsikt.

Vil sjå på moglegheita for  
å kome opp i høgda i tårnet  
og samstundes ta vare på  
høgda i rommet.

Vil leike med ulike soner  
inni tårnet, ei lun og  
lukka, ei open og lys.


Vil gjere det mogleg å  
varme seg. Vil finne ei  
løysing som kan gjere det  
raskt å varme opp, ettersom  
dei fleste besök truleg vil  
vere relativt kortvarige.

Undersøke om eg kan til-  
føre noko ute. Ulike nivå

med sitteplassar og ly mot  
ulike vindretningar. Stader  
der ein kan kjenne på veret  
og stader for ro.

# HOVUDGREP





Sidan eit av hovudmåla mi med oppgåva er å invitere fleire til å bruke fjellet kan det verte aktuelt å sjå på området rundt trafokiosken. Då vil eg undersøke både Stovegolvet, turstiane som fører opp dit og fjellet generelt og foreslå endringar og forbetringar.

Turstinettet er godt merka og ivaretake av turlaget, men det kan diskuterast å gjere nokon ulendte delar av nettet tryggare eller meir behageleg å gå i. Kanskje kan turstiar på nye stader gje større variasjon, spanande nye utsikter og brattare eller slakare

løyper for ulikt publikum.

I tillegg vil eg sjå på kva moglegheiter som ligg i det som i dag er klatrehytta. Kanskje kan denne på lang sikt verte meir tilgjengelig for fleire.

# OMRÅDET



I dette prosjektet må det takast serleg hensyn til val av materiale. Det er viktig at byggekostnadane ikkje vert for høge, men samstundes er det ikkje økonomisk å velge material som må byttast ut etter få år, eller som krever mykje vedlikehald. Fjellet er utilgjengeleg og det er problematisk å frakte opp materiale og folk år etter år.

Val av haldbare material er og meir bærekraftig enn rimelege material som må byttast ut. Bygget står der i dag fordi det vart bygga i sterkt betong og med få feil. Håpet er at det skal

kunne fortsette å leve meir eller mindre utan hjelp sjølv etter transformasjonen.

Det kan og vere nyttig å huske på å bruke velkjende byggemetodar og material. Det vil gjere at fleire kan vere skikka til å utføre små reparasjonar, og det er ein fordel om ein kan bytte ut del for del dersom noko vert slitt. Bygging med tre vil gje store moglegheiter for variasjon og friheit i design- og byggeprosessen.

Det verkar fornuftig å bruke betong, stein og stål på det utvendige. Dette er materiale som har vist at

dei tollar påkjjenninga. Inne går det an å velge friare når det kjem til materiale, men dei må tolle fukt og frost. Stein, skifer og eik er naturlege materiale som viser til fjellet utanfor.

Eg har eit ønske om at bygget skal framstå med nokon av dei same kvalitetane som i dag. Det er ikkje eit mål å bygge ei standard fullt isolert og panelkledd hytte.

# MATERIALE



## METODE

- Om korleis eg vil jobbe, disponering av tid, fristar og kva eg vil leve

## Arbeidsmetodar

I løpet av studiet har eg brukt mange ulike arbeidsmetodar. Når eg no skal begynne på diplomen vil eg bruke dei erfaringane eg har, utnytte det eg er god på og det eg likar å halde på med mest. Eg vil og bruke heilt nye arbeidsmetodar sidan oppgåva krever heilt andre ting enn ei tradisjonell prosjekteringsoppgåve.

Prosjektet mitt vil utvikle seg med utgangspunkt i at bygginga skal starte i løpet av diplomtida. Eg vil utforske prosessen i eit slikt prosjekt, finne ut korleis ting kan gjerast effektivt og ryddig,

og samtidig ta kontakt med leverandørar og samarbeidspartar til sjølve bygginga.

Samtidig vil eg bygge opp ei akademisk oppgåve. Eg vil dokumentere prosesane eg har vore gjennom, reflektere over framskritt og utfordringar. Oppgåva vil og fokusere på det å designe medan ein bygger og viktigheita av at arkitektar sjølv har konkret byggefaring. Heile prosjekteringstida vil eg teste ut detaljar og delar av prosjektet i 1:1 på verkstaden. Eg vil og prøve å utføre romlege studie på tomta og i bygget.

Under bygginga vil det vere rom for eksperimentering og justering av det som er planlagd, men det er viktig å ikkje la det gå ut over budsjett, tidsskjema og avtalar som er gjort. Dette er ein del av det å planlegge eit bygg

1. PROSJEKTERE eit rom for turgåarar
2. Planlegge og gjennomføre BYGGING
3. Kartlegge PROSESSEN, reflektere og evaluere
4. Sjå på OMRÅDET rundt

#### Disponering av tid

Eg vil dele oppgåva mi inn i fire delar når det gjeld tidsbruk og ressursar.

Denne delinga gjev rom for utforsking av fleire ting, men viser eit tydeleg fokus på både prosjektering av betongtårnet og planlegging av bygginga. I tillegg vil eg bruke ein del tid på å beskrive prosessen i eit slikt prosjekt og kanskje finne tips og råd rundt det å få til realistiske bygge-prosjekt i løpet av studietida.

Undervegs kan fordelinga endre seg, og dersom eg bestemmer at bygginga må skje etter diplomtida vil eg omdisponere den tida

til å reflektere over erfaringar, kompleksitet og prosess.

Eg vil ha ein dialog med folk som har jobba med denne typen prosjekt før og samle erfaringar og tips.

Ein mindre del av oppgåva mi vil og vere dedikert til forbetringar i området rundt, vegen opp og i fjellet generelt. Her vil eg sjå på turstiar, overnattingsmøgleheter, utsiktspunkt og metodar for å få fleire til å gå i fjellet. Eg vil og sjå på kva klatrehytta skal vere i forhold til trafokiosken.

# METODE

STARTBOX for rask produsering av forslag til diskusjon

TURAR til Stovegolvet


TEIKNING og SKISSE

DETALJAR i 1:1 for å utforske vakre, funksjonelle møte i bygget

MODELLAR og BILDER for å utforske skala, rom, lys, skugge og materiale.

REGISTRERING av prosessen og refleksjon over ERFARINGAR


BYGGING 1:1 på Stovegolvet.



1. mars



eller



## Arbeidsmetodar

I byrjinga av prosjekteringstida vil eg bruke **startbox**, eit prosjekteringsverktøy utvikla av Steffen Wellinger. Den vil hjelpe meg til å komme fort i gong med prosjektering og produsering av skisser, modellar og tankar. Når ein har produsert og konkretisert fleire idear er det enklare å diskutere dei, ta valg og vidareutvikle dei.

Når startbox har gjeve meg mange nye idear og arkitektoniske premiss vil eg **sjå dei i samanheng** med dei praktiske premissa som er laga i samarbeid med kraftlaget og turlaget. Eg vil ha ein **dialog** med desse partane og ha møter der eg presenterer ideane mine.

Eg vil sende inn oppdaterte teikningar til kommunen for å få godkjent **byggesøknaden** på nytt med endringar. Dette er viktig for å kunne starte bygging til planlagd tid. Parallelt med dette vil eg **halde eit budsjett** det er ser på kva materiale, transport og arbeidskraft vil koste, og korleis ein kan løyse byggeprosessen på ein effektiv og økonomisk måte.

Medan eg prosjekterer og planlegger vil eg bygge **detaljar i 1:1** på verkstaden. Eg vil utforske møta mellom bygningskomponentar for å finne det rette uttrykket og få vakre detaljar utan nødvendigvis å bruke meir tid og pengar. Eg vil fokusere på at dei skal vere enkle å forstå og kunne byggast med dei hjelpe midla som vil vere

tilgjengelege på Stovegolvet.

Eg har lyst til å få til ein fellestur med turlaget og alle nysgjerrige ein gong i mars, når det nærmar seg bygging. Her kan folk stille spørsmål, høyre om planane og kome med innspel. Dette vil vere eit viktig ledd i rekruttering til dognadsjobbing.

**Teikningar, modellar og konseptskisser** vil vere viktige ledd i presentasjonen av prosjektet og for å kunne kommunisere kv eg tenker underveis til samarbeidspartar og veiledar. Eg vil nytte modellane til å gjere **lysstudie** i lyslaben for å få ei betre forståing av dei romlege kvalitetane.

APIRIL	MAI	JUNI	JULI	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
<p>Artikkkel på stordnytt.no om trafoen som skal bli utsiktshytte.</p> <p>Journalist stiller spørsmål om kvifor bygget ikkje er rive. Prosjektet kjem på dagsorden.</p>	<p>Eg vert ansett av kraftlaget for å gjere ei moglegheitsstudie.</p> <p>Eg gjer oppmålingar av bygget og får betomngen undersøkt av fagfolk. Eg jobbar med forslag til endringar, søker til kommunen, får løyve frå grunneigarar og lagar budsjett.</p>			<p>Kommunen godtek søknad om fasadeendring og bruksendring!</p>	<p>Fylkeskommunen er positive og ønsker oss lukke til!</p>		<p>Leverer forarbeid</p> <p>Jobbar med forarbeid. Har møte med leiaren i turlaget, undersøker ulike moglegheiter når det gjeld byggematerial. Tar stilling til oppgåvevinkling, og problemstilling.</p>	<p>JULEFERIE!</p> <p>Besøker tomta om vinteren. Overnatting og kartlegging.</p>

JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI 9. mai
<p>Startbox-periode. Idefase.</p> <p>Studietur til Skrova og Oljetanken</p>	<p>Jobbar med design av tårnet. Innredning, byggemåte, material, uteområde. Ser på moglegheiter og begrensningar.</p> <p>Tur til Stovegolvet med turlaget og andre interesserte. Dugnadsmøte!</p> <p>Oppdatert byggesøknad vert sendt til kommunen. Her må fasadeendringar og hovudtrekk i plan vere klart. Trapp og eventuelt ildstad må vere godkjent.</p>	<p>Fortsetter prosjektering og bygger detaljar i 1:1.</p> <p>Planlegger og forbereder til bygging i april. Betiller materiale, avtaler overnatting , transport og dugnadsjobbing</p>	<p>31.mars -13. april Bygging på Stovegolvet.</p>	<p>LEVERE DIPLOM</p> <p>Presentasjon.</p> <p>Dokumentasjon, refleksjon og erfaringar.</p> <p>Alternativ plan dersom det vert umogleg å starte bygginga. Dokumenterer kva som endra planane, om noko kunne vore gjort annleis og viktige lærdommar om denne typen prosjekt. Reflekter over kva rolle arkitekten skal ha i eit byggeprosjekt, om bygging i arkitektutdanninga og om ein arbeidsmetode der ein planlegg før ein bygger i forhold til prosjekt der ein designer medan ein bygger.</p>




## FORSLAG TIL INNLEVERT MATERIALE

- |  |   |
|--|---|
| Plan, snitt og fasadar 1:20                  | Referansar frå samarbeidet med kraftlaget, turlaget og kommunen.                                |
| Detaljteikningar 1:5 og 1:1                  | Tomteanalyse med værdata, topografi, turstiar og retningar.                                     |
| Modell av fjelletopp og bygget 1:100 og 1:20 | Dokumentasjon av designprosess og planlegging   |
| Modellar av detaljar og konstruksjon 1:1     | Dokumentasjon av bygging. Bilder, skisser, erfaringar frå dugnadsgjengen,                       |
|  | Refkelsjonar om prosessen, utforskinga, erfaringar og tankar om vidare utvikling av prosjektet. |

# LEVERANSEN





Takk til

**Asbjørn Tverdal,**

far og ansatt i Sunnhordland Kraftlag, for søndagsturar i oppveksta, initierande ide om prosjektet og engasjement.

**Svein Egil Heimvik,**

bygningingeniør, Sunnhordland Kraftlag, for fjelltur til Stovegolvet på befaring, god info om tilstanden til bygget, tips om konstruksjon og avstiving.

**Astrid Larsen,**

leiari i Stord-Fitjar turlag for engasjement, innspel og gode idear.

**Sylve Rusten,**

Idrettsfagleg rådgjevar,  
Stord Kommune for positivitet og tips.

**Vidar Vedå,**

leiari i Stord Tinde- og Klatrekklubb, for gode tips til versikring og material, samt tilbod om å bruke klatrehytta som base under workshop.

**Steffen Wellinger,**  
veiledar.

**TYIN Tegnestue,**  
biveiledarar.

## **Masteroppgåver**

Huus, S.V., Ødegård, M.S. (2011) *FRIrom / rom for emosjon ved St. Olavs Hospital*, masteroppgåve i arkitektur, NTNU, Trondheim.

Bye, E., Sendestad, O. (2011) *Det vakreste huset i verden*, masteroppgåve i arkitektur, NTNU, Trondheim.

## **Websider**

Otterbeck, F.M. (2013) *Historien om oljetanken*. Tilgjengeleg frå: [www.oljetanken.no](http://www.oljetanken.no) (Henta: 20.oktober 2013).

*Regulerings-/ bebyggelsesplaner for Stord kommune* (2013) henta frå [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no). (Henta 01.07.2013 og 15.11.2013)

*Dugnadsturen til Stovegolvet vel gjennomført*, henta frå: [http://stord-fitjar.turistforeningen.no/article.php?ar\\_id=39979&fo\\_id=454](http://stord-fitjar.turistforeningen.no/article.php?ar_id=39979&fo_id=454) (Henta 20. november 2013)

*Planstrategi 2012-2015, Stord kommune*. Henta frå: <http://www.stord.kommune.no/Documents/planar/plansstrategi-2012-2015.pdf>. (Henta 20.06.2013)

*Vedlikeholdfritt*, henta frå: <http://bygguten-grenser.no/vedlikeholds-fritt> (Henta 20.11.2013)

## **Teikningar**

Originale byggeteikiningar av trafokiosken (1956).

**Foto og illustrasjonar**  
Alle foto er brukt med

løyve frå opphavsmann/fotograf. Dersom ikkje noko er spesifisert er det mine eigne foto og illustrasjonar.

Bileta på side 20 og 61 er henta frå nettsida til Stord-Fitjar Turlag.

Bilete på side 00 er henta frå nettsida til Oljetanken.

Foto og illustrasjonar av FRIrom er henta frå masteroppgåva.

Foto av Det vakraste huset i verden er henta frå masteroppgåva.

Alle kart er henta frå fonnakart.no

# REFERANSAR



## VEDLEGG

- Originale teikningar av bygget og prosjektet i media




FOTO: OLAV RØJL

## Nytt liv i gammal betong

Asbjørn og Gunnhild Tverdal vil byggja om den gamle trafokiosken på Stovegolvet til pausebu, med vindauge, benker, vedomn

og terrasse. Stord/Fitjar Turlag trur bygget kan verta ein ny attraksjon på Stord, og at fleire no vil finna vegen ut i naturen.



# Byggjer stove på Stovegolvet

**Gunnhild Tverdal (24) si masteroppgåva er å byggja ein ny attraksjon på Stord.**

OLAV RØJL  
olav@sunnhordland.no

Nærare 700 meter over havet ligg ein stor og firkanta kloss. Mot aust ser han Tynes og Kvinnheradfjella, mot sør ser han den nye kranen reisa seg på Kverner, mot vest ser han Siggi og sola gå ned i havet, medan han nordover ser eit knippe vindmøller som slår seg laus i horisonten.

#### Bunkers

Me er ved trafokiosken på Stovegolvet. Ein betongkloss, som var bygd i 1957 for å forsyne ein radiosender med straum, men som dei siste 46 åra har stått som eit minne om ei tid som for lengst er forbi. Innvendig minner han om ein gammal bunkers bygd av tyskarane. Ei rusta dør, rot og kald betong. Det var dette arkitektstudenten Gunnhild Tverdal (biletet) og faren Asbjørn Tverdal, som er nettdirektør i SKL, såg då dei var på mange av sine turar til den om lag 700 meter høge toppen i Stordfjellet.

— Me har smakka om dette i fire, fem år. At ein kanskje kunne gjera noko me trafokiosken, seier Gunnhild Tverdal.

Difor gikk ho i gang med å teikna om heile trafokiosken. Ut med betong, inn med vindauge, ut med rot, inn med benker, trapp og vedomn. Herifrå skal ein kunne nyta utsikta gjennom store vindauge, eller frå utspllassen i framkant av trafokiosken.

— Det er teikna som ei skiringsbu, men skal og kunne vera ein pauseplass der folk kan nyta utsikta, eller varma seg frå vedomn som står der. Stovegolvet er et fint mål, anten for sondagstur eller treningstur, seier arkitektstudenten.

#### God betong

No nærmar prosjektet seg byg-

jestart. Både kommunene, grunneigarlag, og Hordaland fylkeskommune har gjeve tommele opp for det som kan verta eit ynda turmål for både stor-dabuen og turinteresserte frå alle kommunar og land.

— Me har hatt fagfolk oppje sjá på betongen, og han er i høgsta stand, seier Asbjørn Tverdal.

Han har teke Sunnhordland med på spaseretur frå Heilo til Stovegolvet. Tre kvarter med lett stigning opp Fossabrekko og Kværingen, før du er ved målet.

Målet er å starta til våren bygging. Tverdal håper at sponsorpris på byggvarer, og dugnad, kan gjera at det ikkje koster noko formue å få bygd om kiosken.

#### Masteroppgåve

Helikoptertransport skal ordna gjennom dei selskapene som Gunnhild har avtaler med.

— Kostnaden vil nok verta nærmere hundre tusen unsetn, men om skulde ha entreprenørar, og dugnad, ville me ha snaut om heilt andre summar, seier Tverdal.

Arkitektstudenten går noksist år ved NTNU i Trondheim. Og prosjektet på Stovegolvet verta hennar masteroppgåve.

— Då eg teikna om kiosken, eg vekta på at det måtte byggjast haldbart materiale som tåler vind og vind, og som tåler røff bruk. Håpar at den nye bua kan få til å gå tur til Stovegolvet, fortalte Gunnhild Tverdal.


sjá vid

sunnhordland.no



Asbjørn Tverdal har vore på Stovegolvet mange gonger. No har han og dotoren Gunnhild Tverdal sett i gang eit prosjekt med å byggja ein trafokiosken.

FOTO: OLAV RIBU



Innwendig skal det setjast opp vedomm og benker. Trappa skal få rekkverk. Alt skal lagast i matomt tåler mange besøkande.

ILLUSTRAISJON: GUNNHILD TVERDAL



Slik ser det ut innwendig i dag. Asbjørn Tverdal fortel at betongen likevel er i god stand.

FOTO: OLAV RIBU

– Dette kan vera ein attraksjon

Astrid Larsen i Stord/Fitjar Turlag er begeistra over prosjektaet på Stovegolvet.

– Me i Stord/Fitjar Turlag ser veldig positivt på at ein vil byggja om trafokiosken, og håpar at det kan vera ein attraksjon i seg sjølv, seier Astrid Larsen.

Turlaget opptekken av å få flest mogleg ut i naturen, og Astrid Larsen trur at ein ombygd trafokiosk på Stovegolvet kan vera med på å gjera sitt til at folk finn fram turstovlan.

– I Stord/Fitjar Turlag har me ikkje egen ungdomsgruppe, og det hadde vore veldig positivt om trafokiosken kunne få fleire ungdommar til å ville gå ut på tur, seier ho.

Turlaget planlegg å stilla med dugnads hjelp for å få bygd om trafokiosken.

– Det er ikkje heilt avklart korleis dette skal organiserast. Men me vil forsoka å få inn andre enn den faste og trufaste dugnadsgjengen vår, og kanskje det kan vera andre der ute som har lyst til å ta del i eit positivt arbeidsfellesskap til glede for innbyggjarane på Stord, seier Larsen.



Trafokiosken på Stovegolvet har god utsikt mot aust, og kan etter ombygning vera eit populært turmål.

FOTO: OLAV RIBU



Slik skal  
trafokiosken  
vera sjå-  
ande ut. Store  
vindauge og  
uteplass, slik  
at ein kan nytta  
tida til å nyte  
området.

ILLUSTRAISJON:  
GUNNHILD  
TVERDAL

## FAKTA

### Trafokiosken på Stovegolvet

■ Areal: 10,8 kvadratmeter (3,3 x 3,3 meter).

■ Høgde: 6,5-6,8 meter.

■ Bygd i 1957 for å forsyne radio-

sendaren på Stovegolvet med straum. I 1967 var anlegget flyttet til Kalbnakkjen, og trafokiosken vart ståande tom og ubrukt.


■ Trafokiosken er i dag eigd av Sunnhordland Kraftlag.

■ Grunneigar er Stord Grunneigarlag.

■ Trafokiosken ligg 687 meter over havet. Stovegolvet ligg på 703.

■ Asbjørn og Gunnhild Tverdal planlegg no å gje rytt til trafokiosken. Kjelde: Sunnhordland Kraftlag og Ut.no.

# ORIGINALE TEIKNINGAR FRÅ 1957



6P5



43 P9

160 | 160

3P15

< 8P5      3P6 > 8P5 >

rot. areas:

3P7

3P6 & 8P5

60270

2P16

3P6

6P0

Stord den 28/6 1957.

AN

### Kiosk Stovegolvet

#### Merknader ved byggjinga .

##### 1. Fundament og golv. *på fjellet*

Det støpes eit fundament under veggene, og slik at vatn ikkje kan trenga inn i kiosken. Golvet inne må liggja ca 20 cm over terrenget (grøften) utenfor fundamentet. I golvet støpes grøfter og oljegroper som vist på tegning. Dessuten legges ned 2 stk kanaljern nr 12 over kvar olje grop som underlag for trafoer. Disse jern legges i plan med golv og forsynes med ~~xx~~  $\frac{1}{2}$ " styrekant utv. så ikkje hjulene under trafoene sporer av.

Kiosken forankres ekstra med 8 stk 3/4" jern som bores 0,5 m ned i fast fjell og festes med splitt og kile. Disse plaseres 2 stk i kvart hjørne og må gå minst 0,5 m opp i veggene.

2. Veggger og tak utføres som tegningene visar. Jern som skal støypast inn i veggene plaseres anten med ein gang eller der avsettes propper i veggene for innstøping seinare. For selleveggene må der legges list i forskallingen så de får feste i veggene ved støping etterpå. Alt jern som skal faststøpes, dører, ventilalar, dekkplater for ventilalar, gelender, og faststøping av alt taes med i tilbudet. (Unnatak for jernet inni sella for 5 KVA trafo)

Kroker i gesims for linjestrekk må hukes i ein krok i armerinsjern. De ytterste kroker plaseres 10 cm frå enden av gesims, resten deles likt. Ventilalar nede skal ha skråning begge veier på ribber. Ventilalar oppe skråning berre ut.

Taket lages som vist på armeringstegning. Renner sløyfes, men erstattes av vannnese under gesims rundt på alle sider.


Dørene er solide enkle platedører av vinkeljern ramma og karm. Plate 2,5 - 3 mm.

3. Som vist på tegning skal støpes to trammer, den eine med gelender. På den sida som høgspentinntaket er må der også planeres litt så der kan nyttast stige.

Der vert ca ~~xx~~ 5 kubikkmeter fjell å sprenga for nødvendig fyll og planering. Arbeidet med fylling, fundamentet, sprenging og planering må vurderast på staden.

4. Ellers gjelder beskrivelser og anvisningar som er påført tegningane.

detalj av gj. foringer



Beskrivelse :

Takplade tak = 13 cm

--" vegg = 13 cm. takelarmert.

Betong i tak bl. forhold vol. 1:2.1:2.1


Betong i vegg 1:2.5:2.5

Tilsetning Dærex AEA  $0.4 \text{ cm}^3$  pr kg cement.

Maks. singelstørrelse 25 mm.

Taket stålglattes i satser


vegger og innv. tak särbehandles  
åmiddelbart etter at forshalling er revet  
og stemmes innv. og uts. 2 ganger  
med cementvæling. Øfl. myller med krusa






117  
111  
358  
218  
c/c 25  
21 P17  
21 P17  
117  
c/c 25

NB!  
1" vann-nese  
rundt alle  
sider.

Utsparinger find  
i alt  $2 \times 4 =$



$t = 13 \text{ cm}$



Koblingskjema.  
Nullpunktet på kraftnettet vert  
kobla sammen og jordas best  
mulig. Vink og ført at i  
kabel 1 og 2 utan bryter  
og tilhengpar.  
Jordning vert koble direkte  
til dette system.

